

# Ny vegfare på Bjelland

**Måndagsmorgonen vart ein varebil treft av ein stor stein i Bjellandsbrekka. I fylgje føraren kom steinen frå oven, utsprunge frå den steile fjellsida.**

Steinen som politiet og bilføraren Raimondas Nikstus vurderer til å vera i fem til ti-kiloklassen, øydelagde lakken og plastbeslaget på bilen, og kom truleg som fylgje av nedbøren

den siste tida. Politibetjent Fredrik Olsson har vore på staden og undersøkt.

– Me kan ikkje sjå at noko kriminelt har hendt, og sendte inn ei melding til vegtrafikksentralen. Nett no er det ikkje noko meir me kan gjera, men om me

ser meir stein i vegbanen må me vurderer tiltak.

Både Olsson og Nikstus ser på syklistane og fotgjengarane i området som eit større risikomoment enn bilane om det skulle syna seg å vere fleire steinar med reiselyst.

– Eg har køyrt her fleire gonger om dagen i fire år, men aldri sett så stor stein i vegen, sikrar Nikstus.

**M** Marius Løbb Fimland  
marius.fimland@marsteinen.no



*At steinen traff sida på bilen og ikkje ruta er berre flaks meiner bilføraren.*



*Plasten fekk verste trøkken, men det hadde gjerne gått like bra med ein fotgjengar.*